



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer) Anna Marit Storemark, Grete A. Herøy, Hans Erik Waage, Tone Sævi

Prost Helge Taranrød, Rune Minde, Ivar Meland, Arve Husa

Varamedlemmer: Solrunn Gullaksen, Turid Moldøen

Kommunal representant: Silje S. Gullaksen

Desse hadde meldt forfall: Edvard Koppen, Vivian Rognsvåg

Saksoversikt: F 31 – 34/2019

Møteboka er ført i samsvar med det som kom fram i møtet:

Innkalling til møte i Fedje sokneråd onsdag 12.november kl 18.15,
kyrkjelydshuset.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Fellesrådssaker:

F 31/19	Godkjenning av innkalling og referat frå 25.09.2019.
Vedlegg	Referat frå 25.09.2019
Vedtak:	Referat godkjent uten merknader.

F 32/19	Underskrift av dagens møtebok.
Vedtak:	Møtebok godkjent uten merknader.
F 33/19	Orientering
	<ul style="list-style-type: none">Akasia rekneskap er engasjert til å setja opp og avstemma rekneskapen for Fedje Sokn i tidsrommet 2016 – 2018. Kyrkjeverja har konkludert med at dette er einaste måten å få tatt denne gjennomgangen på. Økonomikontoret har ikkje kapasitet til dette. Engasjementet er klarert med tidlegare soknerådsleiar.Nordhordland Elektro har stadfesta at dei tek på seg reperasjonen av lysekrunene, slik dei tidlegare har gitt tilbod om. Dei er førespeila at reperasjonen vil skje rett etter konfirmasjonen sist i mai 2020.Kyrkjeverja skal arbeida ut stillingsinstruksar. Dette arbeidet vil ta litt tid og vert å koma tilbake til.Kyrkjeverja skal prøva å ha utkast til budsjett for 2020 klart til neste møte i soknerådet 10.des. Arbeidet som no vert prioritert er å få orden på rekneskapen for åra 2016 – 2018 og få desse sendt inn til revisjon.
Vedtak:	Orienteringane vart tatt til etterretning.

F 34/19	Gjennomgang av Fedje Sokn sine konti og utskiljing av konto vedk gjevarteneste for G2.
	<u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd ber G2 komiteen oppretta ein eigen og separat konto for gjevartenesta til dette formålet.</i>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Midlar samla inn til dette formålet frå og med juli 2018 på konto 3632 71 56327 (høgrentekontoen) vert overført til den nye kontoen. Summen på denne kontoen pr juli 2018 og før gjevartenesta tok til var på kr 185.930,-. Det vert overført kr så snart ny konto er oppretta.

Fedje sokneråd tek informasjonen om oversikta på dei andre kontoane til vitande.

Bakgrunn:

Det er etablert ein eigen G2 komite, representert frå ulike kristne miljø i soknet, som har ansvar for kveldsgudstenester/samlingar i kyrkja. Desse samlingane har ein friare form enn dei ordinære gudsteneste.

Det vart etablert ei gjevartenesteordning for «meir prest for Fedje», forankra i førre sokneråd. Konseptet skulle finansierast i ein kombinasjon av gjevarteneste og trusopplæringsmidlar og var i si tid skreddarsydd førre sokneprest Per Børge Hillestad. Tanken var at hans stilling skulle aukast frå 25 til 45 % stilling på Fedje og at han skulle driva med ein del trusopplæring og tilrettelegging for G2 gudstenestene. Han fekk løyve frå bispedømekontoret til å auka opp med inntil 20%, i tillegg til si fulle stilling. Tidlegare sokneprest hadde tankar om at andre personar kunne lønast for å drifta G2 satsinga og at hans rolle i starten skulle vera ein igangsetjar. Tidlegare soknerprest har sendt krav til Fedje sokn for tenester han har hatt både med G2 og trusopplæring, via sitt enkeltmannsføretak.

Midlar frå gjevartenesta vert sett inn på Fedje sokn sin høgrentekonto: 3632 71 56327. I juli 2018 stod det kr 185.930 på denne kontoen. Midlar som har komen inn etter dette tidspunktet skal gå til det som er G2 komiteens formål.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Førre sokneprest har slutta. Pr i dag er det noko usikkert korleis G2 komiteen ønskjer å gjennomføra G2 gudstenestene/samlingane. Sannsynlegvis vil det vera behov for å gå nokre rundar til med korleis G2 gudstenestene skal forankrast. Det vert ikkje brukt trusopplæringsmidlar til dette formålet no. Soknerådet er positive til at G2 samlingane framleis skal vera i kyrkja.

Når det gjeld dei økonomiske forholda har det vore argumentert for at det mest ryddige er at G2 komiteen har sin eigen konto til dette formålet.

Om denne kontoen skal vera heilt sjølvstendig og ikkje vera ein del av soknet sin portefølje – eller om den skal vera ein del av soknet sin totalrekneskap som vert revidert, er ei drøfting som soknerådet bør ta. Det gjeld også kven som skal ha disposisjonsrett til ein slik konto.

Det er ikkje sett eit konkret beløp for overføring, sidan det er uklårt kor mykje som vil stå på kontoen når det vert oppretta ein ny konto og at ein må ta omsyn til at Per Børge Hillestad har sendt krav til soknet som er blitt betalt ut frå driftskontoen. Det som er vesentleg for denne saka er om soknerådet ønskjer å slutta seg til prinsippet om overføring av midlar til ein eigen G2 konto.

Soknerådet har likevel eit ønskje om at kyrkja skal brukast til desse samlingane, uavhengig av korleis G2 gudstenestene vert organisert framover.

Kontooversikt Fedje sokn:

- «Ungdomskonto» 3632 57 07407 saldo pr 18.10 2019 kr 30.110,26
- Driftskonto 3490 32 11611 (Dette er kontoen som Fedje kommune overfører sitt driftstilskot til – saldo varierer såleis mykje)



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none">• Høgrentekonto 3632 71 56327 – gjevarteneste G2 saldo pr 18.10.2019: kr 263.977,11• Festeavgiftskonto + anna gjevarteneste: 3632 54 09430 saldo pr 18.10.2019 kr 268.182,80.
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd opnar ein ny konto til G2 komiteen, den vil vera i tillegg til soknet sine andre kontoar.</p> <p>Prost Helge Taranrød oppmoda om eit møte mellom soknerådet og G2. Prosten presiserte og at G2 ikkje kan halda fram med brosjyren «Meir prest til Fedje».</p> <p>Leiar og nestleiar i soknerådet tek snarleg kontakt med G2 komiteen.</p> <p>Fedje sokneråd tek informasjonen om oversikta på dei andre kontoane til vitande.</p>



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Grete A. Herøy, Hans Erik Waage, Tone Sævi

Prost Helge Taranrød, Rune Minde, Ivar Meland, Arve Husa

Varamedlemmer: Solrunn Gullaksen, Turid Moldøen

Forfall: Edvard Koppen, Vivian Rognsvåg

Saksoversikt: S 35 – 37/2019

Møteboka er ført i samsvar med det som kom fram i møtet:



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 35/19	Godkjenning av innkalling og referat fra 25.09.2019
Vedlegg	Referat fra 25.09
Vedtak:	Innkalling til møtet godkjent utan merknader.

S 36/19	Underskrift av dagens møtebok:
Vedtak:	Møtebok godkjent utan merknader.

S 37/19	Gudstenesteplan for 2020
Vedlegg	Utkast gudstenesteplan 2020
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner gudstenesteplanen for 2020 slik den ligg føre.</i></p> <p><u>Bakgrunn:</u> Utkast til gudstenesteplan er vedlagt. Det er lagt opp til tilsvarande fordeling av gudstenestene som tidlegare, slik at Austrheim får om lag 30 og Fedje om lag 20 gudstenester. Soknerådet bør drøfta forholdet til G2 gudstenestene. Soknepresten sitt framlegg i dette utkastet er at 2 av G2 gudstenestene kan vera i form av forordna gudstenenster medan dei øvrige G2 gudstenestene vert drifta utanom soknepresten sin medverknad. Soknepresten ønskjer å ha ein løpende dialog med G2 komiteen og at G2 satsinga elles er forankra i soknerådet.</p> <p>Det er elles i framlegget til gudstenesteplan lagt inn nokon fleire gudstenenester kl 11.00 enn i planen for 2019.</p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner gudstenesteplan for 1. halvår 2020, med moglegheiter for endringar.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 38/19	<p><u>Eventuelt:</u></p> <p><u>Lyd og bilde overføring til sjukeheim:</u> Soknerådsleiar informerte om at overføring av lyd mellom kyrkja og sjukeheimen ikke er optimal. I første omgang vil Arve Husa og Hans Erik Waage sjekka ut dette under Salmekveld 14/11-19.</p> <p><u>Alfakurs:</u> Jostein Husa har tilbydd seg å halde Alfakurs for ungdommar. Han ser for seg 10 samlingar fram til sumaren 2020, 2 før jul og 8 på nyåret. Kyrkjeverje har gitt klarsignal.</p> <p><u>Representant for Fjon fjellkyrkje:</u> Arve Husa informerte om at han er representant i styret i Fjon fjellkyrkje. Grete vil laga eit lite innlegg om Fjon fjellkyrkje i neste utgåve av Kvardag&Helg.</p> <p><u>Møteplan:</u> Soknerådet satt fram ønskje om ein ½ årlig møteplan.</p>
---------	--

Dato for neste møte er 10. desember kl. 18:15

Anna Marit Storemark, soknerådsleiar

Leif Arne Økland, kyrkjeverje

Evy Beate Uthaug, kyrkjelydssekretær